

## Medlemsinfo desember 2022

**FAGSAMLING SAU** vert arrangert på Thon Hotel Jølster 6.- 7. januar, etter fleire års pause, grunna korona. Program er lagt ut på Sogn og Fjordane Sau og Geit sine sider, og på [medlem.nortura.no/kalender](http://medlem.nortura.no/kalender).

### «MIN SIDE»

SFSG inviterer medlemmane til teamsmøte vedrørande bruk av MIN SIDE,

**TIRSDAG 10.JANUAR 2023 KL. 20.30.** Invitasjon med pålogging, vert sendt ut seinare, til alle dei som ligg inne med e-postadresse på «MIN SIDE»

**ÅRSMØTE I SFSG** skal vere **FREDAG 24.FEBRUAR 2023, på Thon Hotel Jølster, med påfølgjande fagdag laurdag 25.februar.**

**Saker som lokallaga ønskjer skal fremjast for årsmøte, må vere fylkesstyre i hende seinast 24.januar 2023.** (1.månad før, i følgje NSG sine lagslover § 17.)

Årsmøte i lokallaga skal haldast innan 1. februar kvart år, og skal kunngjerast med minst 14. dagars varsel. Saklista skal og gjerast kjend for medlemmane.

**Protokoll frå årsmøte i lokallaget, årsmelding og rekneskap skal sendast fylkeslaget innan 15. februar 2023. Lokallag som ikkje har levert protokoll frå Årsmøte i lokallaget, får ikkje stemmerett på fylkesårsmøte, då protokollen er einaste dokumentasjonen fylkeslaget har på at deltakaren på årsmøte til SFSG er vald som utsending.**

Det er medlemstalet pr. 31.12.22 som er grunnlaget for tal utsendingar til fylkesårsmøte. Leiaren er sjølvskreven. I tillegg har lag med over 25 medlemar rett på ein utsending pr. 25 medlemar.

**NB.NB. HUGS Å VELJE VARA TIL UTSENDINGANE, då utsendingane skal vere valde av årsmøte i lokallaget. Årsmøte i lokallaget kan IKKJE gje styret fullmakt til å velje utsendingar. Dei som kan møte som utsendingar med stemmerett på fylkesårsmøte, skal vere oppførde med namn i protokollen frå årsmøte i lokallaget. Pass på å velje rikeleg med vara, i nummerrekkefølge. IKKJE personlege vara.** Det har vore fleire utsendingar til årsmøte i fylkeslaget, som ikkje har fått stemt, då dei ikkje har stått som valde utsendingar i protokollen frå lokallagsårsmøte.

**SFSG og NSG** sentralt manglar fortsatt protokoll frå årsmøte i ein del lokallag for 2022, årsmelding og rekneskap. Desse laga har fått skriv frå fylkesstyret, med påminning. Nokre lag har ikkje sendt inn protokoll m.m. på fleire år. Desse laga er bedne om å vurdere samanslåing med andre lag eller nedlegging. Vert ikkje protokoll m.m. sendt inn innan fristen 15.02.23, så vil styre i SFSG kalle inn til årsmøte på teams.

Postadresse:

Ragnhild Sæle  
Jølstravegen 1652  
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342

E-post: [ragnhild.saele@eninvest.net](mailto:ragnhild.saele@eninvest.net)

Bankgiro: 3703 20 15213  
Orgnr. 991 051 694

## UTTALAR FRÅ ÅRSMØTE I SFSG

Dersom det er lokallag som har saker (tema) som dei ønskjer at årsmøte i SFSG skal gje uttale på, så ber ein om at **forslag til uttale vert sendt styret i SFSG innan 21. februar 2023.** Innkomne uttalar vil verte tatt opp på årsmøte, som eiga sak.

**ØNSKJER ALLE MEDLEMANE EI RIKTIG GOD JUL OG EIT GODT NYTT ÅR**

Styret i SFSG

Postadresse:  
Ragnhild Sæle  
Jølstravegen 1652  
6847 VASSENDEN

Tlf. 416 33 342  
E-post: [ragnhild.saele@eninvest.net](mailto:ragnhild.saele@eninvest.net)

Bankgiro: 3703 20 15213  
Orgnr. 991 051 694